

# Referat frå 1. samling i Nettverk for tenester for funksjonshemma i Nordhordland

Møtedato: 23. mai 2017  
Stad: Knarvik, Legevakten  
Desse møtte: Nina Tilfjord, Bernt Fjordheim, Merethe Mjelstad, Geir Johannesen, Mona Hatlem og Jørgen Bleikli.

---

## Sak 1/23.05.17 **Kort presentasjon av kommunane og tenesta dei tilbyr**

### **Nina Tilfjord:**

Heimetenesta i Meland kommune gir tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I ei slik integrert teneste mottar tenestemottakarane hjelp frå ei gruppe tilsette som er organisert i arbeidslag knytt til den einskilde brukar. Dei mottar tenestar frå tenesteytarane i arbeidslaget morgon, kveld i helgar og på natt ( for dei som har trong for det ). På dagtid har dei fleste tenestemottakarane tilbod på Gløde arbeidssenter. I tillegg er det eit privat bufellesskap og eit butiltak for ein resursskrevande brukar. Avdelingsleiar har i tillegg ansvar for avlastningstilbodet for born/unge i kommunen ( i samarbeid med områdeleiar )

### **Bernt Fjordheim:**

Eining for funksjonshemma, 6 bufellesskap, eit arbeidssenter og eit avlastingstilbod. Sterk auke i avlastingstrong.

### **Merethe Mjelstad:**

Einingsleiar bu og avlastingsavdeling 2: 2 bufellesskap, to medlevarprosjekt og ei avlasting. Auke i behov for avlasting

### **Geir Johannesen:**

Einingsleiar Bu- og avlastingsavdelinga 1: 2 bufellesskap og to prosjekt rundt einskilspersonar med omfattande behov.

### **Jørgen Bleikli:**

Einingsleiar for Omsut. Tenesta består av tenester til personar med hjelpebehov knytt til 4 bustadgrupper, avlasting i ein avlastingsbustad (privat avlasting i anna eining), samt Radøy arbeidssenter som er ein kombinasjon av arbeidstilbod og dagtilbod. Mykje god integrering gjennom praktiske løysingar.

### **Mona Hatlem:**

---

Fagleiar bu- og avlastingstenesta. Organisert under sjukeheimen i pleie og omsorg. Hardt trykk på avlasting. Held på å planleggja 10 husvære inkludert ei ny avlasting

---

Sak 2/23.05.17 **Områder for samarbeid**

Avlasting:

Ulike ordningar, korleis møter ein ulike behov

Samanslåing:

Korleis kan ein utvikla tenesta i en ny storkommune, kva modellar vil ein ta vare på og utvikle?

Fagutvikling:

Kurs. Masfjorden skal arrangere kurs kring miljøarbeid med utfordrande åtferd. Skal me utarbeide felles kursplan?

Drift:

Organiseringar, ulike turnusordningar, leiarrollar

Kultur og fritid:

Arrangement, aktivitetar etc, utveksling av informasjon som gjer at ein kan delta på tvers av kommunane, integrering i aktivitetar og lokalsamfunn

Nye butiltak:

Utvikling av nye butiltak, dele erfaringar med slike tilbod, alternativ organisering

Dag- og arbeidstilbod:

Alternative måtar å organisere slike tilbod, integrering

Tvang og makt:

Kurs og opplæring, system for kvalitetssikring, avvikshandtering

---

Sak 3/23.05.17 **Val av leiar og møteplan for 2017:**

Leiar: Mona Hatlem

Møtefrekvens/tid:

Ca kvar 8. veke. Neste møte 19.09.17 kl 9-11 i Kvassnesveien 16, Knarvik.

---

Sak 4/23.05.17

**Formulering av mandat:**

Me er samd om å flikke på dette mandatet:

*Geir skissa dette:*

Gjennom samarbeid og erfaringsdeling utvikle tenestene, samarbeide om arrangement og aktiviteter og auke kompetansen i tenestene. Tenestene for mennesker med nedsett funksjonsevne i Nordhordland finn det naudsynt å samlast i et nettverk for å kunne dra nytte av hverandres erfaringer med tenetsetilbudet i kommunene.

*Mona har lagd denne skissa:*

Det vil vi i større grad kunne gjøre om vi deler erfaringer, både gode løsninger og feiltråkk. Dette kan vi gjøre blant annet ved :

- Fagutvikling/kurs
- Samarbeid om fritidstilbud
- Samarbeid om rutiner og oppfølging av lowverk

Hvem er målgruppen

- Tenestene som tilbyr tenester til personer med nedsatt funksjonevne i Nordhordland

---

Referent

Geir Johannesen